

Vedtekter for Frøyland Forsamlingshus

Organisasjonsnummer. 914 743 168

§ 1

Frøyland Forsamlingshus er eit lag med ansvar for drifta av Frøyland Forsamlingshus.

§ 2

Huset kan brukast til offentlege møte, samt leigast ut til private arrangement. Aktivitet på huset må ikkje vere i strid med Evangelisk Luthersk tru og vedkjenning, og/eller sømeleg framferd.

§ 3

For å ta ansvaret for den daglege drifta av huset blir det valt eit styre på 5 personar og inntil 2 varamedlemmer. Styremedlemmene blir valde for 2 år om gongen og varamedlemmene for 1 år. Styret konstituerer seg sjølv med formann, nestformann, kasserar, og andre funksjonar dei finn nødvendige.

§ 4

Styret har ansvar for huset sin økonomi, og at det blir drive i samsvar med § 2. Styret er plikta til kvart år innan utgangen av mars å avhalde årsmøte. På årsmøtet skal det leggjast fram rekneskap og årsmelding til godkjenning, samt gjennomførast val av styre. Årsmøtet skal kunngjerast minst 14 dagar før det blir avhalde.

§ 5

Stemmerett på årsmøtet har dei som har fylt 18 år, deltar aktivt i den kristne verksemda på huset og vedkjenner seg til den Evangelisk Lutherske tru og lære.

§ 6

Endring eller tillegg til desse vedtektene kan ikkje gjerast dersom det er i strid med ånd og prinsipp som ligg til grunn for dei. Endring av vedtekter må leggjast fram på eit årsmøte, før endringa på neste årsmøte kan godkjennast med 2/3 fleirtal.